

VANG - TYINKRYSSET



Fakta

Tidsbruk

3-5 timar

Avstand

35-38 km.

Vanskelegheitsgrad

Middels

Tilgjengeleg

15. mai - 30. september

Sykkelruta på Kongevegen over Filefjell følger same rute som turvegen kongevegen, men for å beskytte delstrekningar som er autentiske og verna går sykkelruta på parallelle trasèar.

Mellom Vang og Tyinkrysset er det ingen verna delstrekningar, men ved regn og/eller blaut grunn i Kvamskleive kan du trille sykkelen på dei verste stadane. I Kvamskleive beiter også dyr.

Denne omtalen byrjar i aust i Vang og held fram mot vest og Lærdal:

Start til dømes i Vang sentrum og sykle på gangsti austover mot Søndrol og den første autentiske kongeveggestrekning, [Kvamskleive](#).

Her er E16 no lagt i tunnel og det er mogleg å sykle gamle E16 nede langsmed vatnet.

FLOTT UTSIKT

Frå Søndrol sykklar du i normal oppoverbakke til du kjem til ein idyllisk blanding av skog og kulturlandskap i det du passerer den gamle lensmannsgarden Kvam litt unna deg. Skilt som står her viser veg til det gamle, restaurerte lensmannstunet, der gardsfolka til visse tider opnar for servering og omvisning.

Etter dette sykklar du med ei fantastisk utsikt over bygdelaga i Vang, Vangsmjøsa og fjella. Her har tidas tann fått murane til å rase ut, og du kan sjå dagens E16 lang der nede.

Deretter passerer du «Galden», «Saubekken» og startar nedturen mot «Raude skreda» der du sykklar eller hest trillar sykkelen på relativt flat og grasgrodd veg. Etter det går turen bratt nedover, og i den siste bratte nedoverbakken vil du finne skiltet «Tørisgalden». Ved veis ende er du nede på parkeringsplassen ved Neset og E16.

Sykkelturen går vidare 800 meter austover langs E16 til Hemsingbrue. Sidan dette er E16 er bør du vere ekstra observant når du sykklar. Ved Hemsingbrue sykklar du over brua og tek til på bakken opp Hemsåsvegen til Hemsåsen. Til venstre for deg, inni skogen, følger turvegen Kongevegen same rute som pilegrimsløypa. Sidan du sykklar kan du halde fram på køyrevegen om du vil.

RIDDAR OG GRAVHAUG

Vel oppe på Remisåsen går sykkelferden vidare langs [Vennisvegen](#), som går gjennom bygdene på nordsida av Vangsmjøse.

Du sykklar forbi varierte kulturminne, på grus. Sykkelruta er lagt her saman med turvegen Kongevegen fordi det er fleire attraksjonar å sjå, og fordi det er tryggare enn langs E16 der den opphavelige Kongevegen gjekk.

Fjella du har føre deg medan du sykklar vestover er Grindane (1724 moh.) Bak til venstre har du grønkleddede Hugakøllen (1131 moh.).

Ved Lerhol passerar du garden til riddaren Sigvat Leirholar, som røva ei jente i Gudbrandsdalen. Riddarstøga står framleis, og er Norges eldste ikkje-kyrkjelege bygg, frå 1300-talet. Det er mogleg å besøke stova, men etter førehandsavtale med folka på garden.

Ta ein avstikkar ned til gravhaugane på Lerhol (følg skiltet som viser



Vangsteinen står til høgre for inngangen til Vang kyrkje.



Lensmannsgarden Kvam.



Sørre Hemsing like ved ruta er kjent for god mat.



«Kløvningadn».

«Gravhaug»). Ei av gravene er opna, og du kan krabbe ned i steinkista den døde vart lagt i ein gong rundt år 400 e. Kr. (eldre jernalder).

Når du er komen fram til bygda Vennis går du gjennom vakkert beiteland. Er det varmt i veret kan du ta deg ein avbrekk ved Sparstadsanden og studere dei fem fjøresteinane (gravsteinane) som står der.

Ta deg ein pause ved den gamle furuskogen på Leine (rasteplass, benk og toalett). Her stod det 13 kverner i si tid, men bortsett frå ei, gjekk alle tapt i eit jordras under storflaumen i 1860. Fire av kvernhusa er bygd opp att.

HISTORISKE HINDRINGAR

Sykle eit stykke til og du oppdagar kvifor kongevegen aldri vart lagt på denne sida av Vangsmjøse. Det massive fjellpartiet «Kløvningadn» sette effektivt stoppar for det. Her var kun ei trong passasje og ikkje før i 1959 vart den utvida til ei bilbreidd.

Like etter kjem du til «Kviture», ein annan grunn til at kongevegen ikkje vart lagt hit. Den 200 meter breie rasvifta vart rekna som farleg fordi ho alltid var i rørsle, og difor aldri mosegrodd, men heldt seg «kvit».

Turen gjennom Vennis byr på edellauvskog, alm og hassel. Grunnen er fyllittberggrunnen og at bygda ligg solvendt.

Framme ved Lunde kan du ta av på Lundevegen og følge pilegrimsvegen på utsida av tunet Lunde til E16 ved Eltun i Øye. Dersom du går 350 meter tilbake mot aust langs E16, kan du besøke Øye stavkyrkje frå cirka år 1200.

Strekninga frå Hemsing bru til Øye stavkyrkje er om lag 18 kilometer lang.

Syklar du heller rett fram, endar du til slutt ved E16 att. Her tek du Støndafjordvegen og følger denne opp dalen. Etter å ha sykla forbi Støndafjorden, ta ein liten avstikkar til Grihamar milestein, som står oppe ved E16. Den er eit veghistorisk kulturminne eldre enn kongevegen, frå 1687.

OPP MOT FJELLET

Frå Olshølbrue går kongevegen vidare på vestsida av Begna oppover mot Varpebrue (Varpe bru). Dette er autentisk kongeveg og ta omsyn til kulturminnet når du sykklar. Kongevegen går gjennom tett granskog før du nærmar deg fjellet og møter fjellbjørk og hei.

Typisk for måten dei bygde kongevegen på, bølger vegen opp og ned mens den stig sakte mot Varpe bru. Ved brua må du krysse E16. Her er det 80-soner.

Vegen vidare er ein fin sykkeltur, også det langs autentisk kongeveg, langs Fløgstrøndfjorden. Rett før Kølabrune (Kølabraua) er det kraftig stigning før området flatar ut fram til Tyinkrysset.

På Tyinkrysset er du komen 900 moh. Grenda har hytter, skiheis, overnatting, butikkar og servering. Du kan overnatte og spise hjå [Filefjellstuene](#) og [Tyinkrysset fjellstue](#).

For fleire detaljar om turen kan du lese teksten på vandrestrækningane [Kvamskleive](#), [Vennisvegen](#) og [Øye stavkyrkje-Tyinkrysset](#).

Neste sykkelstrekning er [Tyinkrysset-Maristova](#).

© Copyright Kongevegbedrifter Filefjell SA



Øye stavkyrkje.



Grihamar milestein.




Utsyn over Begna nedanfor Olshølbrue.



Skogstadstølen.



Pass på når du kryssar E16 ved Varpe bru.



Kongevegen over Filefjell

info@visitkongevegen.no



 [Bruk av cookies](#)